



I 1907 FANT DEN BELGISK-AMERIKANSKE KJEMIKAREN LEO BAEKELAND OPP BAKELITT, eit syntetisk framstilt plaststoff, og verda vart ikkje lengre den same. I dag, i 2017, svevar ein blå planet, rundt og rundt sola. I skytteltrafikk fraktar bilar, tog og fly plast i alle slags fasongar. Og det blå havet har fått ein ny viktig ingrediens: Plast som ikkje vil brytast ned. Den blir berre til mindre og mindre bitar.

Ikkje berre havet, men heimen min har og mykje plast. Og kva skulle vel eg ha ete om ikkje dette mirakelet av eit materiale hadde sikra at maten min kom fram, trygt frå produsenten, utan muggskadar og aggressive bakteriar. Matinnkjøp betyr og emballasjekjøp. Eg har eit kjøkkenskap fullt av plastboksar og spann. Ein gong kom dei i hus fylt av is, bacalao, rekesalat, Innherredssodd og jordbærsyltetøy. Maten fortært, emballasjen vaska. Nå står dei klare for nye oppgåver: Haustens fangst av bær, ein middagsrest, ein halv paprika. Men, påpeikar Mattilsynet, en slik praksis kan være helseskadeleg.

Eg googlar frenetisk. I haustsol, bærfryd og eit eldorado for småe kryp har eg fått eit anfall av engstelse. Kan eg bruka plasten eg har hamstra i skapet?

Eg likar gjenbruk. Det er noko salig ved å bruke ting til dei ikkje orkar meir. Med god samvit kan eg pensjonera dei og legge dei med rette i bosskorga. Eg er da på lag med mor mi. Ho vart født før krigen og forbrukarsamfunnet. Mor mi kunne ta vare på tomme konfektøskjer. Det kunne tenkjast at ho kom til å fylle dei på nytt. Denne gongen med sjølvлага godsaker. Ho gjorde det med tanteborna sine før ho fekk meg og ein arbeidskrevjande mann.

Gjenbruk har og blitt på moten att i ei tid der me ikkje lengre kan sjå bort frå alt søplet me omgir oss med. Enkelt skal det likevel ikkje vera.

Eg googlar vidare: PET, PE-HD, PVC, PE-LD, PP, PS og trekantar med tall i. Bokstavar og symbol fortel kva for type plast eit produkt er laga av. Bak bokstavane er det kompliserte namn som polyetylentereftalat, ployetylen/polyeten, polyvinylklorid, polyetylen/polyeten, polypropylen/polypromen, polystyren med meir. Plast er ikkje lenger berre billeg og unaturleg. Den har og blitt farleg. Bisfenol A og uhyggelege ftalater kan lekke frå flaskene og boksane eg har i skapet til maten min. Langt der framme ventar rot i hormonsystemet, kreft og barnløyse for ungane mine.

Eg har høyrte Mattilsynet sin åtvaring før. Man skal ikkje bruke om at isboksen. Sjølv om du kjøpte han med mat i betyr jo ikkje det at den kan brukast til nisteboks. Resirkuler den som plast anbefaler Mattilsynet.¹ Åtvaringa fekk eg med meg som nybakt mor og flittig brukar av Matportalen.no. For seint hadde eg blitt obs på farane med solsikkekjernar. Ein studie hadde påvist store verdiar av tungmetallet kadmium i slike frø. Det vart ikkje anbefalt å ete solsikkekjernar som snacks.² Og eg som god og gravid hadde knaska den eine neven etter den andre med noko eg trudde var sunt! Til trøst kunne eg håpe det var økologiske kjernar eg hadde putta i meg. Dei hadde visst halvparten av verdiane til dei konvensjonelt dyrka frøa.

Eg greidde ikkje da å bli like meddriven av åtvaringa mot plast. Isboksane står framleis i eit hjørne på kjøkkenet. No tenkjer eg at eg kanskje tok feil. Skulle eg ha endra vanen min heilt – kasta ut alle dei forseggjorte boksane, dei som har lokk som sit som støypt når ein har satt det på, og kjøpt inn nye boksar, laga til formålet?

¹ Gulbrandsen, Christine: ”Derfor skal du ikke bruke tomme isbokser og rømmebegre til å oppbevare mat i”, *Aftenposten*, 04.07.2017. Elsness, Maria og Karina Kaupang Jørgensen: ”Ikke ha mat i isbokser”, *NRK*, 26.02.2010

² Mattilsynet: ”Ofte kadmium i solsikkekjerner”, 14.12.2006, sist endret 03.01.2013, og ”Er solsikkekjerner helseskadeleg?”, publisert 24.08.2004, sist endret 21.11.2017.

Men kva er no egentleg forskjellen? Eg stirer under plastboksen. Eingongsemballasjen min har dei same symbola som plastkoppene kjøpt inn til fleirgangsbruk. Isboksen min har merket glas og gaffel – eit symbol for emballasje som kan brukast til mat. Eg finn og merket PP og ein trekant med eit femtal på. Det tyder på at boksen er laga av polypropylen. Eg googlar vidare. Jo, den plasten er ikkje av den verste. Den skal vere trygg. Eller?

I dei gode gamle dagane, når plast enno ikkje var farleg, kunne plastgründerar i Norge starte plastbedrift heit utan utdanning i faget. Liv Ramskjær, som skriv doktoravhandling om plasten sin historie i Norge, fortel bl.a. om Johan Aasheim, ein gründer som etablerte Norsk Extruding på Notodden i 1948 – ei bedrift som etterkvart vart store innan produksjon av plastflasker. Han starta sitt plasteventyr gjennom å eksperimentere på kjøkkenbordet med ei ombygd kjøttkvern driven av ein symaskinmotor.³ Sjølv kan eg, frå huset til mor og far min, sjå ned på eit lite grått hus.⁴ Lite minner dette unnelege huset om plastproduksjon der det står mellom to enger, i ei lita landbruksgrind, grått, fredeleg og brunmarmorert av vær og vind. Men der har det og vore plastfabrikk ein gong i tida. Ny Plast, ei bedrift som enno lagar plastprodukt, byrja sitt plasteventyr der i 1968. I 1974 flytta dei produksjonen frå dette grå huset til Aremark i Østfold. Der held dei enno til.⁵ Eg må innrømme at eg føler avstand til desse plastgründerane. Eg sveipar over smarttelefonen på ny og tenkjer eg skulle hatt eit lengre høgskulestudium i kjemi, berre for å vera ein oppegående og vanleg kritisk forbrukar.

Så korleis kan eg få ro i sjela? På ein av mine isboksar står det til og med ”Wiederverwendbare Haushaltsbox / Reusable household box”. Den er produsert av RPC Superfos finn eg ut, og når eg undersøker emballasjeskåpet mitt nærmare ser eg at mykje av det eg har spara på nettopp er laga av denne produsenten. Eg finn og ut at sjølv om fasong og størrelse varierer er dei alle merka med UniPak. På nettsida til RPC Superfos står det om UniPak-produktet: "At home, users can enjoy the liquid tight snap-on lid and use the packaging multiple times for household purposes because it is microwave, dishwasher and freezer safe.»⁶

³ Trine Nickelsen, ”Da plasten kom til Norge”, Aftenposten 09.02.2015.

⁴ Tittelbildet er eit bilde av dette huset.

⁵ Informasjon frå Terje Fagereng og frå nettsida til Ny Plast, <http://nyplast.no>.

⁶ RPC Superfos: <http://superfos.com/Products/Salads/UniPak>

Kan eg tru på det eg les, kan eg trygt bruke desse fine boksane til restemat og nyplukka bær? Eg bestemmer meg for å spørje produsenten og formulerer to spørsmål. I det første spør eg om det verkeleg er tilfelle at UniPak-produktet kan brukast til alle typar mat, og eg spør om dei kan brukast om att. Eg spesifiserer og formålet for ombruken, oppbevaring av matrestar og bær me har plukka sjølv. I det andre spør eg om plasten i eingongsemballasjen er den same som plasten som brukast i plastboksar og kjøkkenutstyr laga for fleirgangsbruk. Eg trekk fram at merkinga ofte er lik – glas- og gaffelsymbol og til dømes plasttype PP 5.

Eg sender dei same spørsmåla til Mattilsynet og, men av ein eller anna grunn får eg ikkje noko svar frå dei. Kanskje har eg masa for lite. RPC Superfos, derimot, sender meg eit svar. Roy Engdal, områdeansvarleg for Norge i RPC Superfos-konsernet, beklagar først at svaret kjem seint. Deretter svarar han akkurat slik eg ønskjer at det skal vera:

1. Alle våre emballasjer er godkjent for bruk til næringsmidler og kan benyttes både i oppvaskmaskin og micro ovn. Passer derfor perfekt til f.eks selvplukk av bær og som emballasje til nedfrysing av matrester. Vedlagt følger også vår EK sertifikat som bekrefter dette.
2. Det er i utgangspunktet ikke forskjell på våre produkter merket med PP5 og produkter som kjøpes i butikk som også er merket med PP5, men vi kan nok si at våre emballasjer kan være mer miljøvennlige da de er tynnere enn de som kjøpes for gjenbruk. Når det gjelder bruk av glass og gaffelsymbolet har vi begynt å fjerne dette på våre produkter og anbefaler heller våre kunder å legge dette inn i sin egen dekorasjon på emballasjen. Årsaken er at selv om alle våre produkter er godkjent for næringsmidler betyr jo ikke det at alle produkter som er i emballasjen kan spises, f.eks maling. Derfor benyttes ikke disse symboler på nye varianter og de fjernes etter hvert på eksisterende former.

Mitt bondevet hadde faktisk noko for seg. Forskjellen treng ikkje vera stor mellom plastprodukta butikkane sel til matoppbevaring og fleirgangsbruk og den emballasjen matprodusentar brukar til sine halvfabrikata og ferdigmat. Eg pustar letta ut og let UniPak-produkta stå i skapet på kjøkkenet. Dei skal nok komme til nytte!

OPPSUMMERING

Høyr på råd, men undersøk dei gjerne nærmare

Høyr på råda til Mattilsynet, dei er eit offentleg organ som skal vite kva dei pratar om, men ikkje bli panisk engsteleg. Du treng ikkje å vera livstruande forgifta sjølv om du ikkje fekk med deg den siste nyhenda på matportalen.no. Nokre råd kan du og med fordel undersøke nærmare.

Sjå etter merking

All plastemballasje skal vera merka med ein trekant og nokre bokstavar og tal. Dette merket viser korleis type plast produktet er laga av. Plastikktypane merka  skal vera av dei tryggaste typane i forhold til mat. I tillegg skal glas og gaffelsymbol vise at emballasjen er berekna for mat og drikke.

Spør produsenten

Er du usikker, spør produsenten om eingongsemballasjen og eignar seg for fleirgangsbruk og formålet du vil bruka den til. Kanskje kan du få ei gladmelding lik den eg fekk.

Hugs at naturen ikkje er en søppelplass! Lever plastsøppel til resirkulering eller kast det i restavfallet.

Plast på avvegar er eit stort miljøproblem. Pass på at all plast som ikkje lengre er i bruk blir kasta på ein forsvarleg måte. Ikkje kast søppel ut av bilvindauga, ingen q-tips må hivast i do, og når du kosar deg på ein båt, ikkje bruk havet som søppelplass. I dag kan mykje av plasten leveras til resirkulering. Bruk den moglegheita. Anna plast skal i restavfallet.

KJELDER

Artiklar

- Chemical Heritage Foundation: "The History and Future of Plastic", hentet 25.08.17 fra <https://www.chemheritage.org/the-history-and-future-of-plastics>
- Egeland, Jorunn: Har du lagt merke til dette symbolet på plastflaskene?", *Side2*, Publisert 02.05.16 (<http://www.side2.no/helse/har-du-lagt-merke-til-dette-symbolet-pa-plastflaskene/3423219728.html>)
- Elsness, Maria og Karina Kaupang Jørgensen: "Ikke ha mat i isbokser", *NRK*, 26.02.2010 (<https://www.nrk.no/livsstil/--ikke-ha-mat-i-isbokser-1.7012436>)
- Gulbrandsen, Christine: "Derfor skal du ikke bruke tomme isbokser og rømmebegre til å oppbevare mat i", *Aftenposten*, 04.07.2017 (<https://www.aftenposten.no/bolig/Derfor-skal-du-ikke-bruke-tomme-isbokser-og-rommebegre-til-a-oppbevare-mat-i-10341b.html>)
- Knight, Laurence: "A brief history of plastics, natural and synthetic", *BBC News*, 17.05.2014 (<http://www.bbc.com/news/magazine-27442625>)
- Mattilsynet: "Er solsikkekjerner helseskadeleg?", *matportalen.no*, publisert 24.08.2004, sist endret 21.11.2017 (http://www.matportalen.no/matvaregrupper/tema/kornvarer/er_solsikkekjerner_helseska_delig)
- Mattilsynet: "Ofte kadmium i solsikkekjerner", *matportalen.no*. publisert 14.12.2006, sist endret 03.01.2013 (http://www.matportalen.no/verktoy/tilsynsresultater/ofte_kadmium_i_solsikkekjerner)
- Moen, Marie Kingsrød: "FHI-forsker: - Unngår mat innpakket i plast", *VG*, 05.08.2015 (<https://www.vg.no/forbruker/helse-og-medisin/fhi-forsker-unngaar-mat-innpakket-i-plast/a/23499700/>)
- Nickelsen, Trine: "Da platen kom til Norge", *Aftenposten*. 09.02.2015 (https://www.aftenposten.no/norge/i/0p4g6/Da-platen-kom-til-Norge?spid_rel=2)
- Ore, Sven og Aage Stori: "Plast", *Store norske leksikon*, sist oppdatert 31.10.2017 (<https://snl.no/plast#-Verdensproduksjonen>)

Nettsider

- BabyGreenThumb: "Safe Plastic Numbers (Guide)". Publisert 06.06.2011. Hentet 25.11.2017 fra <http://www.babygreenthumb.com/p-122-safe-plastic-numbers-guide.aspx>
- Barrett, Mike: "The Numbers On Plastic Bottles: What Do Plastic Recycling Symbols Mean?", *Natural Society*. Publisert 06.02.2013. Hentet 25.11.2017 fra <http://naturalsociety.com/recycling-symbols-numbers-plastic-bottles-meaning/>
- Life Without Plastic: "How can I tell what type of plastic something is made of, and if that plastic is safe?" Hentet 25.11.2017 fra https://www.lifewithoutplastic.com/store/common_plastics_no_1_to_no_7#.Wh7_9bYrV PN
- Lindahl, Håkon: "Plastpiler", *Framtiden i våre hender*. Publisert 16.01.2015. Hentet 25.11.2017 fra <https://www.framtiden.no/merkeguiden/elektronikk/plastpiler.html>
- Ny Plast: "Om oss". Hentet 25.11.2017 fra <http://nyplast.no>
- RPC Superfos: "UniPak – comes in many shapes and sizes". Hentet 14.11.2017 fra <http://superfos.com/Products/Salads/UniPak>

Anna

- E-postkommunikasjon med Roy Engdal, RPC Superfos, datert 14. og 20. nov. 2017.
- Informasjon om Ny Plast fra Terje Fagereng, datert 25.11.2017. Fagereng eier gården hvor bedriftens første produksjonslokale lå.